

---

**Fra:** Terje Myklebust <Terje.Myklebust@konfliktraadet.no>  
**Sendt:** 12. oktober 2015 14:37  
**Til:** Askøy kommune; Austevoll kommune; Post Austrheim; Bergen kommune; Eidfjord kommune; Postmottak Fedje; Fjell kommune; Fusa kommune; Granvin kommune; Gulen kommune; Jondal kommune; Kvam kommune; Kvinnherad kommune; Postmottak Lindås; Post Masfjorden kommune; Postmottak Meland; Postmottak Modalen; Odda kommune; Os kommune; Post Osterøy; Postmottak Radøy; Samnanger kommune; Solund kommune; Sund kommune; Tysne kommune; Ullensvang kommune; Ulvik kommune; Postmottak Vaksdal; Voss kommune; Øygarden kommune  
**Kopi:** Konfliktrådet i Hordaland  
**Emne:** Representant i Oppnemningsutvalet for konfliktrådsmeklarar

### **Kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane!**

Konfliktrådet i Hordaland vil minne alle kommunar om at det skal oppnemnast ein representant frå kvar kommune til Oppnemningsutvalet for konfliktrådsmeklarar for dei neste 4 åra.

Meklarar i konfliktråd blir oppnemnd av eit utval bestående av ein representant frå politiet, konfliktrådsleiar og ein representant frå den kommune det oppnemnast meklar for. Representanten frå politiet og konfliktrådsleiar sitter fast i utvalet, og representanten frå kommunen blir bytta ut i samband med kva kommune det skal oppnemnast meklar i. Oppnemning av meklarar i konfliktråd er heima i Lov om konfliktrådsbehandling, § 4. Kommunane har tidlegare valt ulike måtar å løyse dette på. I nokre kommunar har ordførar eller rådmann fungert som representant, mens andre kommunar har valt å peike ut ein eigen representant med vararepresentant. Det er opp til kommunane å organisere val av representant til oppnemningsutvalet frå eigen kommune.

Konfliktrådet vil be om at alle kommunar melder tilbake namn, adresse, e-mail adresse og telefonnummer på representanten/vararepresentanten i Oppnemningsutvalet dei neste 4 åra. Når det blir aktuelt med oppnemninga av nye meklarar i neste 4-års periode, vil konfliktrådet ta kontakt med representanten i aktuell kommune.

Er det spørsmål til dette, ta gjerne kontakt med konfliktrådet: [hordaland@konfliktraadet.no](mailto:hordaland@konfliktraadet.no) tlf. 22777135 – mob.tlf. 91006763.

*Med vennleg helsing*

*Konfliktrådet i Hordaland  
Terje Christian Myklebust  
Konfliktrådsleier*

KONFLIKTRÅDET 

---

Direkte: 22 77 71 36  
Mobil: 95 17 18 87  
Nettside: [www.konfliktraadet.no](http://www.konfliktraadet.no)



 Tenk på miljøet før du skriver ut denne E-posten